



ARD AREALPLAN AS
Nygårdsgaten 114
5008 BERGEN

Dato: 29.03.2017
Vår ref.: 2017/673-6
Saksbehandlar: HANVIE_
Dykkar ref.:

Fråsegn til varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid - Dalekletten - Øygarden kommune

Vi viser til brev datert 08.02.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Dalekletten, Toftøy, gnr. 35, brn. 277 m.fl. Øygarden kommune. Hovudføremålet med reguleringa er bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

I det vidare arbeidet vil vi legge serleg vekt på:

- Areal- og transport
- Senter- og tettstadsutvikling
- Barn og unges interesser
- Folkehelse
- Landskap
- Samferdsel
- Universell utforming
- Kulturminne og kulturmiljø

Meir om areal og transport, senterutvikling

Vi minner om Regional transportplan, Regional plan for klima og energi og det pågående arbeidet med Regional areal og transportplan for Bergensområdet. Retningslinjer i dei regionale planane skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Nye bustader må lokalisera i nærleik til definerte senter og kollektivstopp. Gang- og sykkeltilkomst til senter, skule og busstopp må vere trafikksikker. Vi ber om at det vidare planarbeidet skildrar korleis trafikksikker veg til skule, kollektivstopp og andre daglege funksjonar vert sikra.

Planområdet på Dalekletten ligg nær Toftøy skule og 1,5 km sør for Torsteinsvik. Det er omlag 3,5 km til kommunesenteret på Rong. Hordaland fylkeskommune legg vekt på å styrke kvaliteten ved senterområde. Føresetnaden for at eit senter skal kunne fungere optimalt er at mest mogeleg tilbod og funksjonar vert utbygd innafor ei gangbar kjerne. Kva som er ei gangbar kjerne varierer med avstand, utstrekning og utforming av omgjevnadene. Det er mellom anna viktig å stimulere senterutviklinga slik at det vert ei samanhengande utvikling utan dødsoner. I tettstaden rundt eit senter er gangavstanden gjerne sett til 1 km, medan sykkelavstanden er sett til 5 km.

I oppstartsmeldinga vert det opplyst at det skal leggjast tilrette for bustader med tett utnytting. Hordaland fylkeskommune ber om at utnyttinga av området vert vurdert opp mot senterutviklinga av Torsteinsvik og Rong. Vi gjer merksam på at arealet mellom Dalekletten og sentra på Torsteinsvik/Rong ikkje tett utbygd. Dette kan føre til at gangvegen til og frå senterområda opplevast lengre og at det vert mindre attraktivt å gå.

Meir om barn og unges interesser

Det er viktig å sikre gode og trygge oppvekstvilkår for barn og unge. Dette kan mellom anna sikrast gjennom gode uteareal for leik og aktivitet. Det er viktig at utearealet vert sikra opparbeida med kvalitet og med tilbod for ulike aldersgrupper til ulike årstider.

Meir om landskap

Planområdet ligg innafor to regionale landskapsområde med middels verdi. Mot aust ligg området innafor landskapsområde Torsteinsvik, medan arealet i vest ligg innafor landskapsområdet Toft. Begge områda er kjenneteikna av kystheier. Vi ber om at nye tiltak innordnar seg landskap og terrenget.

Meir om samferdsel

Planen har som formål å ruste opp krysset mellom Fv. 225 og Fv. 561. Det er tenkt å regulere inn ein snuplass og haldeplass for buss ved krysset for å erstatte haldeplassane som ligg i 80-sona før krysset. Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at det er behov for ein slik løysing. For avviklinga av kollektivtransporten er det best med busslommane som i dag ligg langs fv. 561. Her er det rett strekning med god sikt i begge retningar. Det vil ikkje vere hensiktsmessig om bussane må køyre av vegen for å komme inn i ein snusløye for så å køyre ut igjen og då krysse vegen med dagens 80 sone 2 gonger for ruta nordover. Eit effektivt busstilbod som kan konkurrere med bil oppnår ein ved å unngå omvegar som krev avkjøring frå hovudvegen.

Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innafor planområdet. Søre del av planområdet ligg i nærleiken av det gamle tunet på g/bnr 34/9, men potensialet for å finna ukjende automatisk freda kulturminne i planområdet er vurdert til å vera låg. Hordaland fylkeskommune vil difor ikkje krevja undersøkingar etter kulturminnelova § 9 i planområdet.

Nord i planområdet ligg eit kulturminne frå andre verdskriken; flymeldepost Toftøy (Askeladden id 212708). Dette er eit tunnelinnslag på toppen av Dalekletten, og eit objekt om lag 100 meter nordvest for tunnelinnslaget. Riksantikvaren har dei siste åra hatt eit høgt fokus på krigens kulturminne. Dette er gjort for å sikre betre kunnskap og oversikt over ei større breidde av krigsminna, og for å kaste lys over og nyansere kunnskapen vi har om andre verdskriken i Noreg. Vi ber om at det vert teke omsyn til krigsminna på Dalekletten i den vidare planprosessen.

Vi ber vidare om at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, senter- og tettstadsutvikling, barn og unges interesser, folkehelse, landskap, samferdsel, universell utforming, kulturminne og kulturmiljø

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Ambjørg Reinsnos, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Gunnhild Raddum, Transportplaneksjonen, Samferdselsavdelinga